

Protokoll frå årsmøte i Noregs Ungdomslag i Oslo søndag 24. og måndag 25. juni 2007

Det var registrert 86 utsendingar til årsmøtet med røysterett då møtet tok til søndag, inkludert styret og rådsleiarar, og 84 på måndag. På møtet var det 5 frå administrasjonen, 2 frå valnemnda i tillegg til 9 gjester og ein tilskodar. Dag 1 var deltakarar frå Noregs Ungdomsring observatørar under delar av årsmøtet. Årsmøtet gav dei talerett under debatten om ungdomsringane si rolle. Møtet fann stad på Elvebakken vidaregåande skole i Oslo.

Årsmøtet vart opna med song og gitarspel av Mattias Krohn Nielsen frå musikklinja ved Foss vidaregåande skole i Oslo.

Årsmøtetalar var Erling Sande, frå Senterpartiet og Familie- og kulturkomiteen på Stortinget.

Årsmøtet fekk fylgjande helsingar på møtet:

Anne Hval Jensen, SAFFA (Samarbeidsorgan for folkedans og folkemusikk i Akershus)

Vidar Lund, Norsk Barneblad

Jens Kiil, Norsk Målungdom

Trine Skei Grande, Stortingsrepresentant for Venstre

Tore Friis Olsen, Folkekulturforbundet

Hege Myklebust, Noregs Mållag

Nils Seland, Norske Lagsbruk

På årsmøtet fekk fylgjande personar kome med ein presentasjon av tilskipingar:

Edvard Lauen (Leikarringen i Lillesand), Folkekulturfestivalarrangør i 20. - 27. juli 2008.

Toril Solheim (Norskdomslaget i Porsgrunn), Barnleik 1.-6. juli 2008.

To lokallag var invitert særskilt for å presentere aktiviteten i laget:

Jostein Mjelde presenterte Mjeldalen Ungdomslag.

Inga Bruteig presenterte Bondeungdomslaget i Nidaros.

Det vart gjennomført to debattar i samband med årsmøtet. Desse debattane var ikkje ein del av årsmøtedrøftingane:

Debatt om ungdom(sringane) si rolle i organisasjonen

Innleiing frå Barne- og ungdomsrådet ved Johanne Jeremiassen.

Innlegg frå Birgitte Rørvik Bruun (Sinnsykt bra alternativ), Hanne Marte Gjertsen Nymoen (Ungdomsringen Austlandet) og Aslak Strønen (Barne- og ungdomsrådet).

Etter innleiing og innlegg var det gruppediskusjonar i salen og paneldebatt.

Debatt om kva Noregs Ungdomslag skal engasjere seg i.

Hallvard Ellingsberg innleidde for styret.

Tor Arne Gangsø (administrasjonssjef i Vågå kommune, tidlegare tilsett og tillitsvald på ulike nivå i Noregs Ungdomslag på 80- og 90-talet og tidlegare tilsett i leiinga i Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar) og Johan Einar Bjerkem (leiar i Bondeungdomslaget i Steinkjer, dagleg leiar for Hilmarfestivalen, medeigar av Bjerkem Natur og Kultur, tidlegare leiar i Noregs Ungdomslag) heldt kvar si innleiing i saka.

Etter innleiingane var det gruppediskusjonar i salen og plenumsdebatt.

Årsmøtedrøftingane dag 1.

Sak 1 Opning og konstituering

Desse tok ordet i saka: Mette Vårdal (Vågå Ungdomslag).

Årsmøtet godkjende:

Innkallinga til årsmøte

Framlegg til saksliste

Framlegg til tidsskjema og forretningsorden

Alle fullmakter for utsendingane

Årsmøtet valde:

- Til ordstyrarar: Edvard Lauen (Leikarringen i Lillesand), Rita S. Strandbakke (Fylkeslaget Oppland) og Siri Didriksen (Bondeungdomslaget i Bodø).
- Til møteskrivarar: Kirsten B. Rolandsgard (Melleheim Ungdomslag) og Ida Marie Holmin (administrasjonen).
- Til teljekorps: Benedicte Winnem Pedersen (Bodø Folkedanslag) og Turid Nørving (Leikarringen i Moss).
- Til redaksjonsnemnd: Ann Kristin Flemmen (Romsdal Ungdomslag), Morten Nilsen (Bondeungdomslaget i Bodø) og Wenche Blomberg (Bondeungdomslaget i Oslo).
- Til protokollunderskrivarar: Hill Haga Robertson (Pasvikringen) og Tone Eidsvold (Eidsiva Fylkeslag).

Leiartale ved styreleiar Gunhild Berge Stang.

Årsmøtetale ved Erling Sande.

Etter årsmøtetalen fekk salen høve til å stille spørsmål til Erling Sande.

Årsmøteoppvarming ved Tina Vilenica (styret), Kristian Fjellanger (Vågå Ungdomslag), Vidar Lund (styret) og Åge Avedal (administrasjonen), Camilla Osa (Bondeungdomslaget i Nidaros) og Aslak Strønen (Barne- og ungdomsrådet).

Sak 2 Årsmelding 2006

Innleiing ved:

Hallvard Ellingsberg (nestleiar)

Tina Vilenica (styret og teaterrådet)

Hill-Aina Steffenach (styret og bunadrådet)

Marianne Dahl (styret og folkedansrådet)
Johanne Jeremiassen (styret og barne- og ungdomsrådet)

Marit Jacobsen (generalsekretær) korrigerer sum momskompensasjon i årsmøtedokumentet. NU fekk kroner 406.308,- i momskompensasjon for 2005 som vart utbetalt i 2006. Endringar og tilleggsopplysningar til årsmeldinga vil fylgje som vedlegg til årsmøteprotokollen og årsmeldinga.

Desse tok ordet i debatten: Wenche Blomberg, Kristian Fjellanger, Hallvard Ellingsberg, Mette Vårdal og Marit Jacobsen.

Vedtak: Styret sitt framlegg til årsmelding for 2006 med endringar, vart samrøystes godkjent.

Sak 3 Rekneskap 2006

Marit Jacobsen la fram saka for årsmøtet.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapa for 2006, som viser eit overskott på kr 8.264. Årsmøtet tek revisjonsmeldinga frå Varden revisjonskontor til vitande.

Årsmøtedrøftingane dag 2.

Sak 4 Saker lagt fram av styret

a. Kontingent for direktmedlemskap

Olav Molland (styret) la fram saka for årsmøtet.

Desse tok ordet i debatten: Kristian Fjellanger, Olav Molland, Marit Jacobsen.

Marit Jacobsen bad om at det vart protokollført at det trengs ei justering av lovene som seier kva demokratiske rettar direktmedlemskap gjev.

Vedtak: Kontingent for direktmedlemskap i Noregs Ungdomslag vart sett til kroner kr 300 frå og med 2007, mot to avhaldne røyster.

b. Folkekulturfestival i 2009 eller 2010

Marianne Dahl (styret) la fram saka for årsmøtet.

Desse tok ordet i debatten: Mette Vårdal, Bernt Skrede (Rogaland Ungdomslag), Roger Strand (Bondeungdomslaget i Stavanger), Edvard Lauen, Inga Bruteig, Bernt Laache (Telemark Ungdomslag) Turid Nørving, Håvard Ims (Bergen Ungdomslag Ervingen), Tina Vilenica, Endre Kleivland (Bergen Ungdomslag Ervingen), Haldor Telle (Sotra folkedanslag), Tone Eidsvold, Anette Johansen (Nordland Ungdomsfylking).

Styret hadde lagt fram fylgjande framlegg til vedtak: Folkekulturfestivalen blir arrangert i 2008 og i 2010. Som ei prøveordning blir det ein frekvens på to år mellom kvar festival.

Mette Vårdal la fram fylgjande framlegg til vedtak:

Det blir skipa til folkekulturfestival i 2008 og 2010, og amatørteaterfestival i 2009. På årsmøtet i 2008 blir det opna for ein brei debatt om alle dei sentrale tilskippingane i NU.

Det vart røysta over framlegget til styret og fyrste setninga i framlegget frå Mette Vårdal under eitt.

Vedtak: Framlegget falt med 28 mot 48 røyster.

Det vart røysta over andre setning i framlegget frå Mette Vårdal.

Vedtak: Det vart samrøystes vedteke å opne for ein brei debatt om alle dei sentrale tilskippingane i NU på årsmøtet i 2008.

Marit Jacobsen presiserte at som ei følgje av dette vedtaket vil det bli det skipa til folkekulturfestival på Hamar i 2009.

Sak 5 Fråsegner

Fylgjande fråsegner var lagt fram for årsmøtet:

1. Ølsal trugar ungdomsfestivalar
2. Styrka lokaløkonomi må komme frivillig kulturliv til gode
3. Nei til automatpengar
4. Noregs Ungdomslag seier ja til kjønnsnøytral ekteskapslov

Redaksjonsnemnda si innstilling vart lagt fram av Morten Nilsen.

Fråsegner som vart vedteke ligg ved årsmøteprotokollen.

Fråsegn 1: Ølsal trugar ungdomsfestivalar

Fråsegna var lagt fram for årsmøtet av styret v/Gunnhild Berge Stang.

Redaksjonsnemnda innstilte på at fråsegna vart godkjent utan endringar.

Vedtak: Fråsegna vart vedteke mot 3 røyster.

Fråsegn 2: Styrka lokaløkonomi må komme frivillig kulturliv til gode

Fråsegna var lagt fram for årsmøtet av styret v/Gunnhild Berge Stang.

Kristian Fjellanger hadde lagt fram endringsframlegg til denne fråsegna. Fråsegna skal brukast i samband med lokal- og fylkestingsval hausten 2007.

Redaksjonsnemnda innstilte på at fråsegna frå styret vart godkjent, men med fylgjande tillegg henta frå framlegget til Kristian Fjellanger, som nytt tredje avsnitt i styret sitt framlegg:

Barn og unge har rett til eit kulturtilbod der ein bur. Deltaking i kulturaktivitetar kan bidra til å skape samvær og fellesskap på tvers av generasjonar og miljø. Kulturpolitikken må difor fanne breitt både geografisk, sosialt og aldersmessig – og ha fokus på den profesjonelle kulturen og amatørkulturen.

Desse tok ordet i debatten: Kristian Fjellanger.

Styret sitt framlegg med redaksjonsnemnda sitt tillegg vart sett opp i mot framlegget frå Kristian Fjellanger.

Vedtak: Styret sitt framlegg falt med 35 røyster mot 37 røyster for framlegget frå Kristian Fjellanger.

Det vart så røysta over heile endringsframlegget frå Kristian Fjellanger.

Vedtak: Framlegget til fråsegn ”Frivillige organisasjonar bygg samfunnet” vart vedteke mot 6 røyster.

Fråsegn 3: Nei til automatpengar

Fråsegna var lagt fram for årsmøtet av styret v/Gunnhild Berge Stang
Redaksjonsnemnda innstilte på at fråsegna vart godkjent utan endringar.

Desse tok ordet i debatten: Mette Vårdal

Vedtak: Fråsegna vart avvist.

Fråsegn 4: Noregs Ungdomslag seier ja til kjønnsnøytral ekteskapslov

Fråsegna var eit framlegg frå Gunhild Berge Stang, Vidar Lund, Mette Vårdal, Kristian Fjellanger, Endre Kleiveland og Håvard Ims.

Mette Vårdal la fram saka for årsmøtet.

Redaksjonsnemnda innstilte på at fråsegna skulle godkjennast med tillegg i fyrste setning slik det går fram i kursiv nedanfor.

Årsmøtet i Noregs Ungdomslag (NU) oppmodar Stortinget til å vedta ei ekteskapslov som gjev same *juridiske og økonomiske* rettar til likekjønna og ulikekjønna par.

Desse tok ordet i debatten: Mette Vårdal.

Vedtak: Fråsegna vart vedteke med redaksjonsnemnda si endring med 49 røyster for, 7 røyster mot og 18 avhaldne røyster.

Sak 6 Val

Leiar i valnemnda Mona Mikalsen (Bondeungdomslaget i Nidaros) la fram valnemnda si innstilling for årsmøtet.

Desse tok ordet i debatten: Anne-Mari S. Meier (Bondeungdomslaget i Sarpsborg), Anette Johansen, Hill-Aina Steffenach, Olav Kårevik (Bondeungdomslaget i Oslo), Ellen Mersland (Bondeungdomslaget i Tromsø).

Kristian Fjellanger med saksopplysning.

Røysting:

Styremedlem og leiar i barne- og ungdomsrådet

Valnemnda hadde innstilt på Hanne Marte Gjertsen Nymoen som styremedlem og leiar for Barne- og ungdomsrådet.

Anne-Mari S. Meier og Anette Johansen kom med benkeframlegg på Johanne Jeremiassen som styremedlem og leiar for Barne- og ungdomsrådet.

Resultat av skriftleg røysting: 67 røyster for Johanne Jeremiassen, 7 røyster for Hanne Marte Gjertsen Nymoen og 2 blanke røyster.

Fast medlem i Barne- og ungdomsrådet

Etter valet på Johanne Jeremiassen som leiar for Barne- og ungdomsrådet innstilt valnemnda på Hanne Marte Gjertsen Nymoen som fast medlem i Barne- og ungdomsrådet.

Resultat av røystinga: Hanne Marte Gjertsen Nymoen vart samrøystes vald som fast medlem i Barne- og ungdomsrådet.

1. vara til Bunadrådet

Valnemnda hadde innstilt Helene Teige som ny 1. vara til Bunadrådet.

Hill-Aina Steffenach kom med benkeframlegg på Grete Kolbeinsvik.

Resultat av skriftleg røysting: 53 røyster til Grete Kolbeinsvik, 14 røyster til Helene Teige, 3 forkasta røyster og 3 blanke røyster.

Valnemnda

Valnemnda hadde innstilt Edgar Wassvik som leiar for valnemnda, Vidar Lund som fast medlem og Siri Didriksen som 2. vara til valkomiteen.

Ellen Mersland kom med benkeframlegg om Vidar Lund som leiar, Siri Didriksen som fast medlem og Edgar Wassvik som 2. vara.

Resultat av skriftleg røysting: 39 røyster til Vidar Lund, 31 røyster til Edgar Wassvik og 4 blanke røyster.

Siri Didriksen vart samrøystes vald som medlem av valnemnda og Edgar Wassvik vart samrøystes vald som 2. vara i valnemnda.

Resten av kandidatane som valnemnda hadde innstilt vart samrøystes vald.

Samla valresultat:

Styret

Arbeidsutvalet (i styret)

				Valperiode
Leiar	Hordaland Ungdomslag	Gunhild Berge Stang	Attval	1 år
Styremedlem (AU)	Gudbrandsdal Ungdomslag	Hallvard Ellingsberg	Ikkje på val	1 år att
Styremedlem (AU)	Romsdal Ungdomssamlag	Aud Solveig Malmedal	Ny	2år
1. vara	Gudbrandsdal Ungdomslag	Kristian Fjellanger	Ny	1 år
2. vara	Nordland Ungdomsfylking	Lisa Grav Henriksen	Ny	1 år
3. vara	Telemark Ungdomslag	Bernt Laache	Ny	1 år

Folkedansrådet

Leiar (og styremedlem)	Bygdelagssamskipnaden	Marianne Dahl	Ikkje på val	1 år att
Rådsmedlem	Rogaland Ungdomslag	Gunn Inger Sture	Ikkje på val	1 år att
Rådsmedlem	Hordaland Ungdomslag	Endre Kleivland	NY	2 år
1. vara	Gudbrandsdal Ungdomslag	Vegar Vårdal	Attval	1 år
2. vara	Troms Ungdomsfylking	Birgitte Rørvik Bruun	Ny	1 år

Teaterrådet

Leiar (og styremedlem)	Inntrøndelag Ungdomssamlag	Lars Bendik Austmo	Ny	2 år
Rådsmedlem	Hordaland Ungdomslag	Atle Falck	Ikkje på val	1 år att
Rådsmedlem	Bygdelagssamskipnaden	Henning Værnes	Ny	2 år
1. vara	Nordmøre Ungdomslag	Sigrid Lillebråten	NY	1 år
2. vara	Nordland Ungdomsfylking	Morten Nilsen	Ny	1 år

Barne- og ungdomsrådet

Leiar (og styremedlem)	Bygdelagssamskipnaden	Johanne Jeremiassen	Ny som leiar	1 år suppleringsval
Rådsmedlem	Hordaland Ungdomslag	Aslak Strønen	Ikkje på val	1 år att
Rådsmedlem	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Hanne Marte Gjertsen Nymoen	Ny	2 år
1. vara	Hordaland Ungdomslag	Torkjell Børsheim	Ny	1 år
2. vara	Bygdelagssamskipnaden	Roy Sævik	Ny	1 år

Bunadrådet

Leiar (og styremedlem)	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Hill-Aina Steffenach	Attval	2 år
Rådsmedlem	Hallingdal Ungdomslag	Ellen Runderheim	Ikkje på val	1 år att
Rådsmedlem		Mette Anneli Christensen	Ny	2 år
1. vara	Hordaland	Grete Kolbeinsvik	Attval	1 år
2. vara	Bygdelagssamskipnaden	Lasse Åberg Pettersen	Ny	1 år

Valnemnda (innstilt av Landsrådet)

Leiar	Finnmark Ungdomslag	Vidar Lund	Ny	1 år
Medlem	Hordaland Ungdomslag	Borghild Opdahl	Ny	1 år
Medlem	Nordmøre Ungdomslag	Harald Ornbostad	Ikkje på val	1 år att
Medlem	Sør-Trøndelag Ungdomslag	Trine Sjølyst	Ny	2 år
Medlem	Nordland Ungdomsfylking	Siri Didriksen	Ny	2 år
1. vara	Eidsiva fylkeslag	Anne Marie S. Meier	Ny	1 år
2. vara	Troms Ungdomsfylking	Edgar Wassvik	Ny som vara	1 år
3. vara	Bygdelagssamskipnaden	Marit G. Jahnsen	Ny	1 år

Protokollunderskrifter

Stad og dato:

Tone Eidsvold

Hill Haga Robertson